

## MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS

Org. nr. 974371855

Fotlandsvegen 39

5282 LONEVÅG

Tlf. 56193140

20.04.2023

## OSTERØY KOMMUNE

Teknisk Forvaltning

Postboks 1

5293 LONEVÅG

## GNR. 86 BNR. 5 – UTGREIING OM SØKNAD

Vedlagt er «Søknad om tillatelse til tiltak» for vassleidning ved Helldalskaien

Bakgrunn

Heldal Marina AS har hatt ein privat vassleidning til eksisterande båthamn ved Helldalskaien. Vassleidningen ligg på gnr. 86 bnr. 5 og har berre vore i bruk i sommarhalvåret, då den ikkje ligg frostfritt. Det er no ønskje om å kopla seg kommunalt anlegg, men framleis skal bruken vera i sommarhalvåret.

Nytt anlegg

Ein ønskjer kopla seg til eksisterande vasskum der det er etablert stikkleidning ut av kummen. Ny og gammal vassleidning vil ikkje liggja frostfritt men delvis oppå terrenget. Det vert lagt til rette med kranar som tømmer vassleidningen når den ikkje er i bruk vinterhalvåret. Søknad om sanitærabonnement er godkjent av VA-avdelinga på visse vilkår, vedlegg I1.

Dispensasjon.

Me legg til grunn at tidlegare dispensasjonar dekker tiltak som infrastruktur for båthamna.

Nabovarsel

Det er inngått avtale med grunneigar om vassleidningen, vedlegg Q1. Me søker om fritak for nabovarsel, då tiltaket ikkje er synleg i terrenget og ikkje påverkar nokon av naboane.

Det er avtalt at Heldal Marina AS skal ta kostnaden med byggjesøknad, vedlegg Q1.

Med venleg helsing

MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS

